

Referat frå møte i FAU – 09.11.15

Stad: Personalrommet på storskulen

Tid: kl 18.00 – 19.45.

Tilstades : 11/ 20 representantar

Rektor Reidun Retterholt opna møtet og ønske velkomen.

Sak 1. Utviklingsarbeidet på skulen

Rektor orienterte om at lesing for tida er fokusområdet, noko som betyr at lesing skal integrerast i alle fag. Undervisningsinspektør Julia fungerer som koordinator. I tillegg har skulen fått "hjelp" av ei gruppe frå høgskulen som bidreg med samhandling.

Lærarane brukar tema "forventningar" som verktøy (internt). Dette for at alle borna skal få heilskapleg og god tilbakemelding frå lærarane.

Utviklingsarbeidet vert evaluert fortløpande, og skulen forventar gode resultat, men ein må ha litt "is i magen"..

Sak 2. Evaluering av storforeldremøtet

Gode tilbakemeldingar på ein særskilt engasjerande føredragshaldar ☺!

Kva med kino for 1. – 5.klasse? Fungerte dette etter planen? Tilbodet vart ikkje nytta av alle, men god tilbakemelding frå dei som gjorde det.

Det er ønskeleg å halde fram med dette tilbodet også ved neste storforeldremøte.

Innspel på tema: -*Nettvett m/ barnevakten.no*: Gjeng aldri av moten. Kanskje få dei til skulen kvart 3. år? Bør starte som tema på eit lågare skuletrinn.

 - *Mattias Øhra* frå høgskolen i Hedmark.

Sak 3. Gjennomgang av trafikksikringsplanen

Det er no ein eigen "trafikk lærar" ved skulen. Denne heve ansvar for å "minne om" trafikktryggleiken.

Til tross for ny regel om at det er lov å sykle til skulen frå 1. klasse, vil skulen halde fram med sykkelprøve i 4. klasse. Dette aukar sykkelferdigheitene til elevane i stor grad.

Sak 4. Skulegenser?

Litt avmålt stemning i FAU, og diskusjonen gjekk for og imot, med gode argument på både sider. Etter ei avstemming, vart det bestemt å førebels seie "nei" til dette.

Sak 5. Budsjett

- Innkjøpsstopp

Gjeld heile kommunen (alle einingar). Får likevel handle inn utstyr til nye undervisningsrom (pengar frå investeringsbudsjett til prosjekt).

- IKT

Info frå rektor. Status i dag: 21 pc`ar på over 100 elevar! Det er oppretta sak på kommunalt nivå på denne situasjonen.

Anne Espelid orienterte om innspel frå SU – Rådmannens innstilling er på kr 625 000,-, noko som ein skal vere særst nøgd med. Bare å krysse fingrane for at dette gjeng i gjennom.....

- Plassmangel på småskulen

Info frå rektor. Oppretta sak på denne situasjonen. Ulike løysingar er drøfta;

- 1) 4.klasse opp til storskulen – ikkje ønskeleg
- 2) små- og ungdomsskulen bytar plass?
- 3) Utbyggingsalternativ? – arkitektar ser på løysingar
- 4) Brakkeløysing?

Dette er jobbas det med!

Sak 6. Innmeldte saker frå foreldre

- 1) Hilde Holskar (som ikkje møtte) ønskjer å ta opp dette med årleg skulefotografering. Denne saka tas opp på neste FAU-møte i februar, når Hilde er der ☺

Forslag om at også grendeskulane kjem inn i katalogen "Nissedalsskulen".

- 2) Anne Follhaug meiner det var litt sein beskjed om "OD-dag" (som ikkje var OD-dag, men Mali-prosjektdag). Skulen beklagar dette og skal kome med tydelegare og tidlegare beskjed om dette neste gong.

Dessutan få arbeidsplassar for elevar i kommunen. Resulterer fort i foreldrebetaling (Tellev Tveit). Spørsmålet om OD-dag burde drøftast i FAU.

- 3) Skiljeveggar i dusjen. Anne Espelid orienterte. Det er sett av midlar til dette. Det vil verte dør på annakvar "bås" og motsett på motsett dusjvegg (om det var forståeleg?). Kjem på plass så fort som mogleg og før jol.

Sak 7. Eventuelt

Frå rektor: "Skule/jolegudsteneste". Tradisjon å gjennomføre skulegudsteneste der elevane deltek. Erfaringane frå i fjor var negative. Spørsmålet er om ein heller skal ha ein rein jolegudsteneste der elevane heller friviljug er gjest?

Forslag om å halde på jolegudstenesta og skulen høyrer med prest/ organist om organisering.

Møtet vart heva kl 19.45

Marie K. ornmo Enger

referent